

SØRLANDSBANEN (EGERSUND) – STAVANGER,
DOBBELTSPOR SANDNES – NÆRBØ
Kommunedelplan med konsekvensutgreiing

Planføresegner Time kommune

01A	Høringsutgave	30.06.2023	NFH	Lars R	Erik P. J	
Rev.	Revisjonen gjelder	Dato	Utarb. av	Kontr. av	Godkj. av	
<p>Sørlandsbanen (Egersund) – Stavanger, dobbeltspor Sandnes - Nærbø</p> <p>Kommunedelplan med konsekvensutgreiing</p> <p>Planføresegner og retningslinjer Time kommune</p>		Ant. sider	Fritekst 1d			
			Fritekst 2d			
			Fritekst 3d			
		Produsent	Bane NOR			
		Prod. dok. nr.				
		Erstatning for				
		Erstattet av				
Prosjektnr.: 965017		Dokument nr.			Rev.	
		USN-00-A-00157			01A	
		Dokument nr.			Rev.	

Planføresegner og retningslinjer

Time kommune

1. Planens hensikt

Kommunedelplanen sitt formål er å setta fast trase for dobbeltspor for jernbanen mellom Nærbø og Sandnes.

2. Planføresegner for hele planområdet

Plankrav

Kommunedelplanen skal følgast opp med reguleringsplan, jf. pbl § 11-9 og § 12-1. Det skal regulerast jernbaneanlegg med tilhøyrande stasjonsområde, åtkomstar til stasjonsområdet, drifts- og tilførselsvegar, gang- og sykkelvegar, teknisk støtteareal, grønstruktur, mellombels anlegg for rigg og drift og andre nødvendige tiltak og anlegg inkl. deponi, samt tiltak som tek omsyn til omgivnadane, derunder støyttiltak, omforming av sideterreng og andre miljøtiltak

3. Føresegner til arealformål og hensynssoner

Arealformåla og omsynssonene innanfor planområdet for dobbeltsporet mellom Nærbø og Sandnes viser i kommuneplanen sin arealdel for Time, Hå, Klepp og Sandnes kommune samt kommunedelplan for Bryne sentrum. Føresegner og retningslinjer til disse arealformåla og omsynssonene følgjer av dei respektive planane. Ved motstrid går denne planen føre.

3.1. Jernbane (SB)

3.1.1. Arealformål jernbane skal nyttast til dobbeltspor og tilhøyrande jernbaneformål.

3.2. Samferdsel (S)

3.2.1. Bryne stasjon skal vidareutviklast som hovudknutepunkt for kollektivtrafikk. Det skal leggast til rette for korte og gode omstigingar mellom kollektivmiddel.

4. Føresegner og retningslinjer til omsynssoner

4.1. Sikringssoner, Støy- og faresoner pbl § 11-8, pkt. a

4.1.1. Sikringssone høgderestriksjonar H190

Innanfor omsynssona H190 "Høgderestriksjonar i restriksjonsplanen for Stavanger Lufthavn Sola, Avinors teikning ENZV-P-08", datert 12.03.2012, kan det ikkje etablerast hinder (bygningar, anlegg eller anna innretningar) som overstig kote 158 moh.

4.1.2. Flaumfare H320

4.1.2.1. Før godkjenning av nye tiltak innanfor sona krevst det sakkyndig utgreiing av fare for flaum (flaumsonekartlegging), omtale av eventuelle avbøtande tiltak og utgreiing av konsekvensar nedstraums. Utgreiinga skal gjerast ved regulering, eventuelt

seinast ved byggesøknad dersom tiltaket ikkje utløyser krav om reguleringsplan eller det allereie ligg føre ein godkjent reguleringsplan utan slik utgreiing.

- 4.1.2.2. Utgreiing av fare for flaum skal følgja NVE sin til ei kvar tid gjeldande rettleiar: «Veileder Sikkerhet mot flom». For allereie utførte utgreiingar må det vurderast om disse gir tilfredsstillande sikkerheit mot flaum, jf. rettleiaren og TEK17.
- 4.1.2.3. Nødvendige sikringstiltak skal søkast om før eller som ein del av byggesaka for tiltaket, og vera utført seinast samtidig som utbygging finn stad.

4.1.3. Høgspenningsanlegg H370

- 4.1.3.1. Alle tiltak i terrenget og anleggsarbeid innanfor omsynssonen skal på førehand avklarast med eigar av leidningen.

4.2. Retningslinjer til sone med særleg omsyn jf. Pbl § 11-8, c

4.2.1. Omsynssone bevaring av naturmiljø H560)

Verna vassdrag

Retningslinje

Orrevassdraget og Håelva bør forvaltast i samsvar med rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag.

4.2.2. Omsynssone for bandlegging etter Naturmangfald H720 pbl. § 11-8, pkt. d

- 4.2.2.1. Søndre Frøyland landskapsvern- og fuglefredingsområde skal tas omsyn til i vidare planlegging. Fugleliv og biotop er freda innanfor området og i regulerte friområde som grenser til. Inngrep i strid med verneformåla er ikkje tillate.

5. Føresegner til føresegnsovråde

5.1. Område #1

5.1.1. Innanfor området vert kollektivknutepunkt med stasjonsbygg tillate, parkeringsanlegg for bil og sykkel, «kiss&ride», drosjetilbod, kiosk/bevertning eller liknande, samt gangbru over jernbanen når dette ikkje er i konflikt med nødvendig areal for drift av jernbane med tilhøyrande funksjonar. Slik bruk vil verta avklart gjennom reguleringsplan.

5.1.2. Tryggleik, tilgjengelegheit og universell utforming skal ivarekast.

6. Retningslinjer for reguleringsplanfasen

- a. *Byggegrenser langs jernbaneanlegget og offentlige veger fastsettes i reguleringsplan. Ved utvikling av kommunesenter, lokalsentre og nærsentre kan det være aktuelt å fastsette byggegrense tettere på jernbane enn generelle krav.*
- b. *Tiltaket skal optimaliseres ved regulering. Optimaliseringen skal blant annet utarbeide gode tilkomstfunksjoner ved stasjonene, sikre tilstrekkelig håndtering av vann, redusere støyulempe og redusere arealbeslag.*
- c. *Det skal utarbeides en massehåndteringsplan som omfatter volumberegninger, transport, mellomlagring og deponiområder. Deponiområder skal utredes og fastsettes i reguleringsplan.*
- d. *Det skal utføres detaljert kartlegging av grunnforhold, nedbør og grunnvann. 200 års flomnivå tillagt en sikkerhetsmargin på 0,5 m skal legges til grunn ved dimensjonering av konstruksjoner, bygg og anlegg. Det skal etableres anlegg for oppsamling, rensing og bortledning av overvann fra konstruksjoner og jernbaneanlegg. Reguleringsplanene skal identifisere og sikre arealer for overvannshåndtering. Konstruksjoner og anlegg skal utformes slik at naturlige flomveier bevares og tilstrekkelig sikkerhet mot flomskader oppnås. Det skal redegjøres for hvordan håndteringen av overvann og flomveier er løst. Ved regulering og senest ved søknad om tiltak skal det utføres risiko- og sårbarhets-analyse som dokumenterer at avrenningen og avrenningshastigheten ikke øker som følge av tiltaket.*
- e. *Utforming av stasjoner, tekniske bygg, kulverter, broer, sykkel- og fotgjengerforbindelser, samt tilknytning til eksisterende gang- og sykkelveinett skal ved videre detaljutforming tilpasses tilliggende bygde og naturlige omgivelser. Hensynet til myke trafikanter i anleggsfase og ferdig tiltak skal sikres.*
- f. *Støy langs jernbanetiltaket skal utredes i reguleringsplanfasen. T-1442 retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging, eller nyere retningslinjer, legges til grunn.*
- g. *Det skal utarbeides en miljøoppfølgingsplan for anleggsfasen i samsvar med tiltakshavers retningslinjer for slik plan. Miljøtiltak skal iverksettes og følges opp i henhold til den til enhver tid oppdaterte miljøoppfølgingsplanen.*
- h. *Det skal utarbeides en matjordplan for bruk av omdisponert dyrket areal. Planen skal avklare hvordan matjord skal ivaretas og lagres, og hvordan arealene skal istandsettes.*
- i. *Sidearealer til jernbaneanlegget skal opparbeides med god terrengtilpassing og med vekt på overordnet vegetasjonsetablering av stedegne arter som kan reetableres og forsterke gjennomgående grøntdrag og viktige randsoner.*
- j. *Kulturminner og kulturmiljø. Konsekvensene for kulturminnene skal søkes minimert i reguleringsplanarbeidet.*
- k. *Ved videre planlegging skal det etterstrebtes å utforme tiltaket for å minimere sårbarhet overfor klimarelaterte hendelser.*
- l. *I forbindelse med detaljregulering av dobbeltspor skal løsning for dagens undergang ved Bryne stasjon avklares.*
- m. *I forbindelse med detaljregulering av dobbeltspor skal stenging for biltrafikk dagens ved undergang ved Gamle Hognestadvegen, inkludert avbøtende tiltak, vurderes.*
- n. *I forbindelse med detaljregulering av dobbeltspor skal avgrensningen av området ved driftsbasen ha fokus og slik at den bidra til å øke opplevelseskvaliteten av Jernbanegata.*
- o. *Belysning på stasjoner og langs togspor, skal utformes for å redusere lysforurensing. Belysningen skal ikke gi unødvendig skade eller ulempe for naboene. Belysning skal minimeres for å unngå skade på naturmangfoldet.*